

No må det snart verta orden på reguleringsplanen for dei to attvedliggjande campingplassane i Uskedalen, sa Torfinn Myklebust (Innbyggjarpartiet) då budsjettet for 2010 og økonomiplanen og handlingsplanen for 2010 og 2013 vart drøfta i kommunestyret i dag.

Han meinte det hadde drege for lenge ut med å få saka løyst, medan i alle fall bygningar på Rabben Campingplass forfell.

-Her må fleire vera med å ta ansvaret, også kommunen og fylkesmannen. Det må setjast inn sterke krefter for å få løyst denne saka, meinte Myklebust, som lova å ta saka opp i formannskapet på nytt til vinteren.

-Det har gått mykje for lang tid utan at noko har skjedd, og ei løysing må det finnast fram til med litt velvilje, la han til.

I samband med satsing på turisme skrytte

Myklebust også over ordførar Synnøve Solbakken for kva ho har gjort for å prøva halda på Husnes Hotel som hotell og ikkje få det omgjort til asylmottak.

I ei tredje sak hadde Myklebust ikkje så mange positive ord å seia om Fylkesmannen og handsaminga av den planlagte hytta ved Mannsvatnet.

-Det er ei skam at ikkje Fylkesmannen veit at det er hytter der frå før. Sjølv har Fylkesmannen handsama ein liknande søknad for nokre år sidan. No er det plutseleg ingen hytter der !

Saka er sendt over til avgjerd av setjefylkesmann; Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.